



Storm er tilbake. En provokasjon, sier båtlaget (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saka om dei 2 store Uskedal-skutene som måtte flyttast frå bølgedemparen i båthamna er ikkje løyst. Tvertimot har saka spissa seg att fordi Storm no er attende på same staden. Eigaren Kåre Rød nektar å flytta båten, opplysar hamnevert Johan Sunde til uskedalen.no

- Og kva gjer båtlaget med det?
 - Eg veit ikkje kva vi skal gjera, svarar Sunde. Han nyttar ordet provokasjon om det siste som har skjedd,

Dei to båtane som låg ved den ytterste piten måtte flyttast for at båtlaget framleis skulle vera garantert forsikring på anlegget. Ekspertar meiner det kan bli skada i ein gitt situasjon. Skutene veg kvar 28 tonn medan båtlaget no har vedteke ei grense på 10 tonn..

Det vart ei mellombels løysing ved at båtane vart lagt ved Trelastlageret i Beinavikjo med ein frist på 6 månader for å finna ein permanent plass og med ei løyving på inntil 30 000 kroner.

Kvituren som Terje Rød eig ligg framleis ved Trelastlageret.

Av Ola Matti Mathisen